



Pynta til fest på spansk vis!

Anine Enes frå Uskedalen, som er 10 år, har no budd i Spania i sju månader og synest det har vore veldig gøy. Ho skal flytte heim til sommaren, men har veldig lyst til å flytta ned igjen. Det skriv ho i eit reisebrev som uskedalen.no har fått frå henne.

Ordet går til Anine, som skriv slik om sitt år på Costa del Sol:



Tre på fjelltur



Dette er sjømannskyrkja

Eg er ei jente på ti år, eg liker å turna og høyra på musikk. Dette skuleåret bur eg og familien min i Benalmàdena i Spania.

Eg kjem frå ein bondegard i Uskedalen. Det var ein stor overgang å flytta derifrå til ei blokk i ein by. Heime måtte vi ikkje å låsa døra når vi skulle ut. Her nedemå eg låsa opp mange portar og dører når eg skal opp til leiligheten i femte etasje.



Her er leikeplassen vår

Eg synest det er mykje meir folk her i Spania enn i Uskedalen. Her har dei mange feiringar som for eksempel karneval, Andalucia dagen og grunnlovsfeiring.

Benalmadena

I Benalmadena bur det ca 50.000 menneske, og her er det mange ting å finna på.

Det er tivoli med pariserhjul, mange karusellar og berg og dalbanar.

Og så er det ein delfinpark med delfinar, krokodillar, sjøløver og mykje meir.

Me har òg ein gondolbane som går opp på eit fjell som heiter Mont Calamorro. Der er det fugleshow på toppen.

Det er kjempelange strender og promenadar. På stranda er det mange solstolar og parasollar og masse plass til å byggja sandslott.

Det er litt kaldt å bada om vinteren, men det går fint viss du er tøff. Eg har bada mange gonger. Småsøskena mine, Linnea (2 år) og Oliver (5 år) er heldige, som kan gå på stranda kvar dag.

Palomaparken (dueparken) er ein stor park med strutsar, geiter, høner, hanar, påfuglar, ender, duer, kaniner, skilpadder, kaktushage og ein kjempestor leikeplass.

Denne parken ligg rett nedanfor der vi bur. Lillebroren min Oliver kallar parken for 'hagen vår', men vi har òg ein eigen hage med symjebasseng utanfor blokka vår.

Den Norske Skolen i Malaga.

Eg går på ein liten skule med 60 elevar. Eg likar veldig godt at vi får varm mat og frukt i kantina kvar dag. På skulen er det elevar frå heile Norge og vi får mange nye venner. Det er flinke lærarar så vi lærer mykje. Vi lærer mykje engelsk og spansk på skulen og i fritida. Vi har utegym i sola heile året. Det er småklassar så to eller tre klassar pleier å vere i lag. For eksempel er vi tilsaman 17 elevar i 5-7 klasse.

Det er mange aktivitetstilbod på skulen, det er kickboksing, fektning, dans og golf. Eg har gått på malekurs, det var veldig gøy. Eg synest at læraren var kjempeflink.

Kvar onsdag er det kafé etter skulen, då sel dei vaflar, pølse med brød eller lompe, brus og is. Det er FAU som driv kafeen.

Andre aktivitetar

I sjømannskyrkja er det klubbar for barn frå 1. til 10. klasse kvar fredag.

Der går nesten alle elevane på skulen. Då sel dei taco, vaflar, brus, kaffi, sjokoladeog is. Eg går òg i koret der og vi syng mange fine songar. vi held huskonsertar og syng songar av blant andre Michael Jackson og Abba.

Viss du kjører ca 2 timar opp på fjellet kjem du til Pradollano. Det er ein liten by i Sierra Nevada. Det er det største skianlegget eg har sett. Der er det 89 løyper, 17 skiheisar og 2 gondolbanar. Den høgaste fjelltoppen der, heiter Veleta, og er 3400 moh. Det går skiheisar heilt til toppen. Vi reiste der på vinterferie i lag med ein annan familie, og det var kjempegøy.

No har eg budd i Spania i ca 7 månader og eg synest det har vore veldig gøy. Eg skal flytta heim til Uskedalen til sommaren, men eg har veldig lyst til å flytta ned igjen.

Anine Enes.



Her er eg utanfor skulen